

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2019

### Handsaming i møtet

**RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger**  
Kontrollutvalet ønskjer at konst. fylkesrådmann skriftleg orienterer til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.

### **RS 19/19 Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 1. april 2019**

Frank Mo (R) foreslo at ein frå kontrolutvalet og ein frå sekretariatet er til stades under rettsaka som er omtalt under punktet anna, Bergen 2017, konkursbu - HFK.

Det vart røysta over dette og forslaget fekk 1 røyst for, 4 røyster mot og forslaget fall.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

### Vedtak

1. **RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger**  
Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orienterer til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.
2. **RS 19/19 Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 1. april 2019**  
Kontrollutvalet ønskjer ikkje å vera til stades under rettsaka som er omtalt under punktet anna, Bergen 2017, konkursbu - HFK.
3. Referatsakene vart elles tekne til orientering.